



Aritocats-bussen er på plass. Ved den ser vi ein del av dugnadsgjengen.

Det populære dansebandet Aristocats spelar som kjent på to scenar i Uskedalen i morgon. På dagen spelar dei under Aktivitetsdagen i båthamna, og om kvelden spelar dei opp til Låvedans på Dønhaug. No er dei klar til innsats! Bussen deira er i alle fall på plass i båthamna.

Aristocats starta opp alt i 1973, og kan såleis feire 40-årsjubileum på vegen. Besetningen i bandet har naturleg nok skifta noko gjennom alle desse åra, og populariteten har berre auka! Dei har spela på alle dei store dansebandfestivalane slik som i Seljord og Sel for å nemne to.

Bandet har gjennom åra spela inn ei rad plater som og har vorte populære.

Aktivitetsdagen er som kjent eit hundre prosent dugnadsarrangement. Vi syns likevel det er fantastisk at eit kjent band opptre på dugnadsbasis! Og ikkje nok med det! Dei stiller og lydanlegg til disposisjon under heile aktivitetsdagen!

Aristocats spelar mellom Andeløpet og Hopp i havet. Dei startar kl.14. Damevennene er svært takksame for at Aristocats stiller opp og set ein spiss på årets Aktivitetsdag. Det høyrer med til historia at uskedalsvenene Aristocats har medlemmer som gjennom fleire år har nytt å tilbringa ferie- og fridagar på Rabben Feriesenter.

Av: Thor Inge Døssland